

## Referat frå styremøte nr. 3-2022

**Dato:** 20. mai 2022

**Tid:** kl. 09.30-12.30

**Stad:** United Future Lab Norway på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund og Teams

### Til stades frå styret:

*Ved fysisk frammøte:*

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune) - *Til stades frå kl. 09.45.*

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune) - *Til stades frå kl. 10.25.*

*Digitalt via Teams:*

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)

1. vara Lena Landsverk Sande (ordfører i Vanylven kommune) - *Til stades til kl. 12.00.*

### Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

### Forfall:

Styremedlem Monica Molvær (politikar i Ålesund kommune) – *Forfall pga. møtekollisjon, men med i møtechatten på Teams i delar av styremøtet.*

### Referent:

Vegard Austnes

**Sak 19/22: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkommen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

Saker til eventuelt var val til styret i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, samt val til styret i Møre og Romsdal 110-sentral KF.

Styret drøfta innleiingsvis at saker innan arealforvaltning kan vere aktuelle å ta opp i styret. Eventuelle saker må vere konkrete og førebudde med saksutgreiing og dokumentasjon.

**Sak 20/22: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 2-2022 (25.03.22)**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå styremøte nr. 2-2022 vart godkjend.

**Sak 21/22: Evaluering av arbeidet i styret og administrasjonen**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar viste til at val av nytt styre er sak på representantskapsmøtet 9. juni. Han sa at evaluering av styret og administrasjonen skal vere ein del av årshjulet til SR.

Styret vurderte sitt eige arbeid ved at kvart styremedlem fekk ordet. Oppsummert var resultatet av evalueringa:

- styret har fungert bra
- styret har fordelt oppgåver seg imellom
- styreleiar har leia møta på ein god måte
- hybridmøter (kombinert fysisk og digitalt møte) er bra og naudsynt, men det beste er å møtast fysisk
- styremøta kan vere i kombinasjon med andre møter (ikkje representantskapsmøter)
- SR må bli meir synleg overfor kommunane
- SR må kome ut og bør prøve å ha fysisk møte i kvar kommune som ønskjer det
- kommunane bør spele inn fleire saker til SR
- SR har vore lite synleg i media (t.d. lokalavisene), styreleiar må få vist seg meir fram
- SR må følgje med når det er høyringar i ulike saker

Under evalueringa av administrasjonen sitt arbeid gjekk administrasjonen ut av møtet. Styreleiar oppsummerte med at styret var fornøgd med administrasjonen sitt arbeid.

Administrasjonen fekk til oppgåve å skrive eit brev til deltakarkommuneane i SR og invitere til å spele inn ei prioritert sak som er viktig for kommunen og regionen. Med dette som utgangspunkt vil administrasjonen vidare sette opp ei liste over saker som er spelt inn. Lista vert handsama og følgd opp i møter i styret og i representantskapet, og dannar grunnlaget for årleg verksemdplan og årsmelding.

### **Sak 22/22: Årsmelding og rekneskap for 2021**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar gjekk gjennom årsmeldinga side for side.

Resultatrekneskapen for 2021 viser eit underskot på kr. 1 181 294,-. Årsresultatet vert ført mot eigenkapitalen. Pr. 31.12.21 er eigenkapitalen kr. 205 058,-.

Underskotet kjem m.a. av for lite inntekter i prosjekta om skule- og barnehageutvikling og energiøkonomisering, samt auka kostnader til pensjon og arbeidsgivaravgift.

Dagleg leiar orienterte om at administrasjonen skal flytte kontor og vil spare ca. kr. 100.000,- per år på det. I tillegg vil administrasjonen søkje om eksterne midlar til prosjekt i 2022. Talet på årsverk i administrasjonen er f.o.m. 2022 redusert frå 5 til 3 som følgje av naturleg avgang (pensjon).

Styret ønskte at det i note 1 til rekneskapen går fram kor stor del av inntektene til SR som er ordinært driftstilskot og kva som er variable bidrag i høve til deltaking i dei enkelte prosjekt.

Vedtak: Styret godkjenner årsmeldinga og rekneskapen for 2021. Årsmeldinga og rekneskapen vert lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.

### **Sak 23/22: Møteplan for 2022**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om møteplanen for resten av 2022.

Når det gjaldt Arena Sunnmøre 2022 16. september fortalde dagleg leiar at administrasjonen har vore i kontakt med The North West og Sunnmørsposten for å invitere til eit samarbeid om arrangementet på same måte som i 2021. Tema for Arena Sunnmøre 2022 er kraftforsyning.

Styret konkluderte med at møtedatoane står fast som følgjer:

<b>Møteplan 2022</b>	
<b>Møte</b>	<b>Dato</b>
Representantskapsmøte	9. juni
Styremøte	9. september
Arena Sunnmøre	16. september
Representantskapsmøte	28. oktober
Møte mellom regionråda i fylket	3.-4. november
Styremøte	18. november
Representantskapsmøte	2. desember

#### **Sak 24/22: Sunnmøre soningscenter**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Arbeidsgruppa har fått laga ein dronevideo frå tomta, men den ikkje klar til framsyning.

Styret peika på at det må kome til ei avklaring om det er realistisk å arbeide for eit nytt fengsel ikkje. Dette har m.a. med disponering av tomta å gjere.

Konklusjonen var at SR arbeider vidare med saka, og prøver å få til møter med justisministeren og justiskomiteen på Stortinget. Mørebenken vert invitert til eit fysisk møte i Ålesund om saka.

#### **Sak 25/22: Eventuell tur for ordførarane til Stortinget**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styret drøfta om SR skal arrangere ein tur for ordførarane til Stortinget for å lære meir om korleis ein arbeider der.

Konklusjonen var at styret vil vurdere ein slik tur til hausten.

### **Sak 26/22: Orientering om representantskapsmøtet 9. juni 2022**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar orienterte om representantskapsmøtet 9. juni (årsmøte). Møtet finn stad på Scandic Parken hotell i Ålesund. Årsmøtesaker er handsaming av årsmelding og rekneskap for 2021 og val av styre for perioden 2022-2024.

Temaet på møtet er elles samferdsel. Innleiarar er m.a. leiaren av samferdselsutvalet og samferdselsdirektøren i Møre og Romsdal fylkeskommune, samt avdelingsdirektør transport midt i Statens Vegvesen.

Det kom forslag om å presentere status for Voldatunnelen på møtet. Dagleg leiar tek dette opp med Kjetil Strand, avdelingsdirektør transport midt i Statens Vegvesen

### **Sak 27/22: Tilbakemelding til styret etter dialog med KS**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Oppfølging av styresak 18.2/22 (prisvekst på råvarer m.m.) og 7/22 (fastlegeordninga).

Dagleg leiar viste til at KS er dialog med regjeringa om begge desse sakene.

### **Sak 28/22: Eventuelt**

#### **Val til styret i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre**

Eva Vinje Aurdal og Knut Erik Engh er styremedlemar i dag.

Vedtak: Eva Hove erstattar Eva Vinje Aurdal i styret for Destinasjon Ålesund og Sunnmøre. Knut Erik Engh held fram i styret dersom han ønskjer det.

#### **Val til styret i Møre og Romsdal 110-sentral KF**

Jan Ove Tryggestad er i dag nestleiar i valperioden 2018-2021. Eva Hove er vara for Tryggestad for same periode.

Vedtak: Jan Ove Tryggestad vert vald til SR sin representant i styret for Møre og Romsdal 110-sentral KF. Harry Valderhaug vert vald til vara for Jan Ove Tryggestad.